



DEN NORSKE KYRKJA

Os sokneråd

FAD, kirkeavdelingen
Postboks 8004 Dep
0030 OSLO

Deres ref.: **Vår ref.:** **Vår sakshansamar.:** **Arkivkode:** **Dato:**
 12/00011-007 GAH 515 25.10.2012

FRÅSEGN - NYE FØRESEGNER TIL GRAVFERDSLOVA

Os sokneråd har i møte 24/10-2012 vedtatt slik fråsegn til nye føresegner til Gravferdslova:

Saksvedlegg: Høyringsnotat

Os sokneråd vil i all hovudsak slutte seg til dei endringar som er foreslått, men vil peike på nokre punkt som bør vurderast nærare. (Tall vist til nr i høyringsnotat)

3. Tilpasninger til religiøse og livssynsmessige minoriteter.

Os sokneråd stiller seg skeptisk til å opne for gravlegging utan kiste. Dette primært av omsyn til dei som skal gjennomføre gravferda. Men ei lemping på kravet til kiste (med dei reglar som gjeld her), opnar og får at ulike materialval for innpakking av den daude kroppen kan bli utflytande og kanskje og i materialar som forsinkar el forlenger den organiske nedbrytinga i jorda.

Om det skal vere opning for slik ordning, bør løyve til å godkjenne dette leggjast til anna organ enn fellesrådet.

4. Tilpasninger til plan- og bygningslovgivningen.

Det er viktig at det strekast under kommunen sitt krav til å sikre nok areal til gravplass. Os sokneråd har ikkje merknader til at kommunen skal syte for regulering, men det må sikrast at gravferdsmynde sine krav og ønskjer til reguleringa vert tilstrekkeleg ivarettatt.

7.3 Jordoverdekking

Os sokneråd sluttar seg til framlegg om 80 cm som «normal» ovedekking av kistegrav. Dette vil i praksis medføre at gravene vert opna til ca 120 cm. Dei få gongane det er kister som er høgare enn 40 cm må det da ordnes med ei varsling som sikrar djupe nok graver. Fordelen med mindre jordoverdekking er betre og

Adresse:
Postboks 209
5202 OS

Tlf/faks
Tlf: 56572400
Faks: 56572401

E-post/Internett:
post@os.kyrkja.no
www.os.kyrkja.no

Bankkonto / Org.nr.:
3201 53 26254
976995155



DEN NORSKE KYRKJA

Os sokneråd

raskare nedbryting av organisk materiale.

9. Anonym og navnet minnelund.

Os sokneråd ser det som positivt at det vert opna for namnet minnelund. Dette vil venteleg vere gode løysingar der nære pårørande ikkje lenger bur i ei nær kommunen der avlidne vert gravlagt. Dei vert sikra ei verdig grav utan at pårørande treng ha det praktiske ansvar for stell og tilsyn. Ordninga opnar og for betre utnytting av arealet da gravene kan ligge tettare.

Vedtatt samrøystes.

Venleg helsing
OS SOKNERÅD

Gerhard A. Hansen
Kyrkjeverje (e.f.)

Adresse:
Postboks 209
5202 OS

Tlf/faks
Tlf: 56572400
Faks: 56572401

E-post/Internett:
post@os.kyrkja.no
www.os.kyrkja.no

Bankkonto / Org.nr.:
3201 53 26254
976995155